



Her er Marlinn, Ingrid, Kristina, Nikolai og Else Maria samt mammaene frå Herøysund. Laget deira kastar ball på boksar. (Foto: Nelly Kjerland)

**No er også sundagsskolen i Uskedalen Bedehus på plass med eigen spalte i uskedalen.no og du finn han under "Lag og organisasjonar".
Sesongen starter førstkommande sundag.**

Siv Hanne og Nelly Kjerland strekar under at sundagsskolen er eit tilbod for born både frå Uskedalen og Herøysundet.

Det er inndeling i to grupper, opptil 2. klasse og 3.-6- klasse. Dei yngste har song, rytmeinstrument, gratis lotteri, dagens sprell eller hobby og forteljarstund frå Bibelen.

For dei eldre er det eige program om BS-agentane ved Jon Harald Kjerland .Her er det ymse aktivitetar – til dømes agent-kryss, dei forsvunne fingeravtrykka, agentmeldingar og uteaktivitetar.